



Hytta på Holmen, som har lege ut på Eiendomsmegler 1, er seld.

Ei eldre hytte på Holmen er seld. Det stadfestar Marita Pedersen i Eiendomsmegler 1 på Stord. Meglaren er godt nøgd med at salet gjekk så fort. Hytta ligg vakkert til med fin utsikt mot fjell og sjø. Hytta er eit renoveringsprosjekt. Det høyrer naust og kai med til eigendomen.

Det er heller sjeldan det ligg ute ledige hytter på Holmen for sal. Edle og Edvard Trampe - Kindt kjøpte tomt av Erling Myklebust og bygde hytta i si tid. I prospektet kjem det fram at eigedomen berre har tilgang frå sjøsida. Det er gangrett fram til hytta. Vi kjenner ikkje til nøyaktig salspris. Hytta og eigendomen var lagt ut med ein pris på kr. 900.000,-

Marita Pedersen fortel at det også er for sal tomannsbustad i Hagetunet. Det vil truleg koma fleire flotte eigendomar og hus frå Uskedalen, lagt ut på Eiendomsmegler 1.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Frå salsprospektet